



NAMN:
KLASSE:

LÅG MIDDELS HØG

Les teksten under. Kva for verkemiddel finn du? Marker i teksten og skriv i områda rundt namnet på verkemidla. Skriv så vidare på historia med hyppig bruk av verkemiddel.

Stille i mørket

Brå start

Besjeling

Personifkasjon

Vegen ned mot stranda var mørk. Eg hadde alltid vore redd for mørket, men dette var det siste eg tenkte på no. Eg kunne sjå bølgene krype opp langst stranda, for å rulle tilbake ut til det store havet. Beina mine gjekk raskt no, og eg kunne kjenne vinden danse rundt meg. Det var kaldt, bitande kaldt. Eg kjende sveitta renne i elver ned langs ryggen, og hjartet dunka så raskt eg var redd det skulle hoppe ut av kroppen min. Tårene rann som perler ned på kinna mine. Tida stod stille. Kunne det verkeleg vere sant?

Gjentaking

Samanlikning

Symbol
/ gjentaking

Tankane snurra rundt i hovuded mitt. Inne i meg var alt berre kaos. Eg stirra opp i det evige mørket, og prøvde å ta inn over meg kor lita eg var i denne store verda. Det var heilt stille rundt meg. Mørke skyer kom sigande over himmelen, klar for å viske bort dei få synlege gullkorna på himmelen. Snart var himlen like mørk som livet mitt. Forskjellen var berre at himlen skulle bli lys att i morgon. Eg var berre ein mørk skygge.

Kontrast

Metafor

